

## **Referat - møte med Austrheim kommune om friluftslivets ferdsselsårer**

Tid: 20.01.22 kl. 13.30 – 14.30

Deltakarar: Anders Søyland (Vestland Fylkeskommune), Håkon Tufteland (BOF), Kari Utkilen (Austrheim kommune), Asbjørn Nagell Toft.

Føremålet med møtet var å informere Austrheim kommune om prosjektet Plan for friluftslivets ferdsselsårer og kva Bergen og Omland friluftsråd kan bistå kommunane med i arbeidet. Vestland Fylkeskommune har ein møterunde med kommunane som ikkje har starta på prosjektet i førekant av søknadsfristen for tilskot 15. februar.

Anders starta med å fortelje litt om bakgrunnen for prosjektet, kva som er føremålet med ein plan for friluftslivets ferdsselsårer og kva som er status for arbeidet i Vestland så langt. Prosjektperioden for friluftslivets ferdsselsårer strekker seg ut 2023, og det er ei nasjonal målsetting at flest mogleg kommunar innan den tid skal ha starta på planarbeidet.

Håkon fortalte litt meir inngåande om korleis arbeidet med ein plan for friluftslivets ferdsselsårer kan gjennomførast og kva han kan bistå kommunane med i dei ulike stegene i planprosessen. Kvar kommune kan til saman söke om 120 000kr til arbeidet med plan for friluftslivets ferdsselsårer. Dette tilskotet kan nyttast til å engasjere Håkon. Kor mykje av tilskottet som overførast til BOF for Håkon sin hjelp, kjem ann på kor mykje bistand kommunen ønsker frå Håkon. Detaljar kring dette avtalast mellom kommunen og Bof i ein eigen samarbeidsavtale.

Asbjørn og Kari fortalte at Austrheim kommune allereie hadde forankra arbeidet med plan for friluftslivets ferdsselsårer i planprogrammet til KDP for idrett og fysisk aktivitet og at dei ville söke på tilskot til å starte på prosjektet no i februar. Kommunen hadde allereie mange gode tankar og idear om kva dei ville få ut av ein plan om friluftslivets ferdsselsårer og kva ferdsselsårer som kunne vere aktuelle å inkludere i planen. Austrheim kommune har eit godt utgangspunkt for arbeidet i tidlegare registreringar av turruter og friluftsområde. Kommune ønskjer bistand frå Håkon i prosjektet. Nærare detaljar omkring samarbeid med Håkon og kor tid det er aktuelt med hans hjelp avtalast mellom Håkon og kommunen i etterkant av innsendt søknad om tilskot.